



Vestland
fylkeskommune

Meldeskjema 1.oktober

9. September 2025, webinar for rådgjevarar i grunnskulen

§ 4-22 Fortrinnsrett til ein skule som er
særskild tilrettelagd ved inntak til
vidaregåande trinn 1.

§ 4-21 Fortrinnsrett til eit særleg
utdanningsprogram ved inntak til
vidaregåande trinn 1

§ 4-22. Fortrinnsrett til ein skole som er særskilt tilrettelagd ved inntak til vidaregåande trinn 1

Søklarar som har rett til individuell tilrettelegging etter [opplæringslova kapittel 11](#), og som på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne har eit særleg behov for å komme inn på ein skole som er særskilt tilrettelagd, kan søke om fortrinnsrett ved inntaket til vidaregåande trinn 1.

Søklarane har ikkje rett til inntak til ein viss skole. Fylkeskommunen vurderer på individuelt grunnlag om det ligg føre tungtvegande grunnar som taler for at søkjaren bør takast inn til ein viss skole.

Kommunen skal ikkje seinare enn 1. oktober kvart år melde frå til fylkeskommunen om elevar med sterkt nedsett funksjonsevne som er i ferd med å fullføre grunnskolen det aktuelle skoleåret. Slik melding frå kommunen føreset samtykke frå dei elevane det gjeld.

Kven har rett?

Søkjarar som har rett til individuell tilrettelegging..., og som på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne har eit særleg behov for å komme inn på ein skule som er særskilt tilrettelagd, kan søkje om fortrinnsrett ved inntaket til vidaregåande trinn 1.

1. Enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring
2. Sterkt nedstett funksjonsevne - fysisk og/eller psykisk
 - Fysisk tilpasning og tilgang på hjelpemidlar
 - Særskild kompetanse i personalet
 - Ekstra lærertettleik

Dei fleste som får inntak etter denne føresegna går i tilrettelagde grupper

- HTH - Kvardagslivstrening
- HTA – Arbeidslivstrening



Kva har dei rett på?

- Tidleg inntak - får vedtak før andre søkjarar
- Inntak på eitt av tre valde utdanningsprogram
- Tilbod på særskild tilrettelagd skule
- **Ikkje rett** på ein viss skule



Korleis gå fram?



- Kommunen skal seinast 1. oktober, melde frå om elevar med sterkt nedsett funksjonsevne som fullfører grunnskulen neste vår. Kommunen må innhente samtykke frå foreldra og/eller eleven før dei melder frå til fylkeskommunen.
- Fristen 1. oktober skal sikre at fylkeskommunen får tilstrekkeleg tid til å vurdere kva skular som kan ta imot søkjarar etter føresegna
- I meldinga skal siste vedtaket om tilrettelagd opplæring med sakkunnig vurdering frå grunnskulen liggje ved
- Eventuelt dokumentasjon på behov for helse- og omsorgshjelp i skuletida

§ 4-21. Fortrinnsrett til eit særleg utdanningsprogram ved inntak til vidaregåande trinn 1

Søkjjarar som har omfattande behov for individuell tilrettelegging etter [opplæringslova kapittel 11](#) i grunnskolen, har fortrinnsrett ved inntaket til vidaregåande trinn 1 når vilkåra her er oppfylte. Dei har fortrinnsrett dersom dei kan godtgjere at vanskane som ligg til grunn for behovet for individuell tilrettelegging gjer at valet av utdanningsprogram har svært mykje å seie for moglegheita deira til å fullføre vidaregåande opplæring. Søkjjarar som sannsynlegvis kan fullføre tre utdanningsprogram, har ikkje fortrinnsrett etter denne paragrafen.

Det skal liggje føre ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta i fylkeskommunen som skal gjere greie for dei vanskane som ligg til grunn for vedtaket om individuell tilrettelegging frå grunnskolen, og dei tiltaka som blei sette inn der. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal også ta stilling til om søkjaren har eit særleg behov for å bli tatt inn til eit særskilt utdanningsprogram, som ikkje kan sikrast ved at søkjaren blir tatt inn til eitt av tre utdanningsprogram. Dei skal vurdere

- a. om det er sannsynleg at søkjaren har større moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring dersom søkjaren blir tatt inn til eit særskilt utdanningsprogram
- b. om og eventuelt i kva grad søkjaren har føresetnader og moglegheit for å fullføre andre utdanningsprogram enn det søkjaren har ført opp som førstevalet sitt
- c. kva behov søkjaren har for særskild tilrettelegging dersom søkjaren blir tatt inn til det særskilde utdanningsprogrammet, samanlikna med kva behov søkjaren har for særskild tilrettelegging på andre utdanningsprogram.

Kommunen skal ikkje seinare enn 1. oktober det året eleven er i ferd med å fullføre grunnskolen, melde eleven til fylkeskommunen for å få ei sakkunnig vurdering etter andre ledd. Meldinga føreset samtykke frå eleven det gjeld. I meldinga skal det siste vedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring med sakkunnig vurdering frå grunnskolen liggje ved. Kommunen skal dessutan gjere greie for

- a. vanskane som ligg til grunn for vedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring
- b. tiltaka som er sette inn i grunnskolen
- c. kva vanskane vil seie for vidaregåande opplæring, og kvifor kommunen meiner at søkjaren oppfyller vilkåra for inntak til eit særskilt utdanningsprogram.

Kven har rett?



Søkjjarar som har omfattande behov for individuell tilrettelegging...i grunnskulen, har fortrinnsrett ved inntaket til vidaregåande trinn 1 når vilkåra her er oppfylte.

Dette må komme fram i enkeltvedtaket om individuelt tilrettelagt opplæring

- Innhold
- Organisering
- Omfang
- Behov for særskilt kompetanse hos personalet

Søkjarar må kunne godtgjere at vanskane som ligg til grunn for behovet for individuell tilrettelegging gjer at valet av utdanningsprogram har svært mykje å seie for moglegheita deira til å fullføre vidaregåande opplæring

- Yrkeskompetanse
- Studiekompetanse

Søkjarar som sannsynlegvis kan fullføre tre utdanningsprogram, har ikkje fortrinnsrett etter denne paragrafen.



Krav om sakkunnig vurdering frå PPT, som skal vurdere:

- a. *om det er sannsynleg at søkjaren har større moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring dersom søkjaren blir tatt inn til eit særskilt utdanningsprogram*
- b. *om og eventuelt i kva grad søkjaren har føresetnader og moglegheit for å fullføre andre utdanningsprogram enn det søkjaren har ført opp som førstevalet sitt*
- c. *kva behov søkjaren har for særskild tilrettelegging dersom søkjaren blir tatt inn til det særskilde utdanningsprogrammet, samanlikna med kva behov søkjaren har for særskild tilrettelegging på andre utdanningsprogram*

Kommunen skal gjere greie for

- a. vanskane som ligg til grunn for vedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring*
- b. tiltaka som er sette inn i grunnskolen*
- c. kva vanskane vil seie for vidaregåande opplæring, og kvifor kommunen meiner at søkjaren oppfyller vilkåra for inntak til eit særskilt utdanningsprogram*

Korleis gå fram?

- Kommunen skal ikkje seinare enn 1.oktober det året ein elev er i ferd med å fullføre grunnskulen, melde eleven til fylkeskommunen for å få ei sakkunnig vurdering...
- Meldinga føreset samtykke frå eleven det gjeld
- I meldinga skal siste vedtaket om tilrettelagd opplæring med sakkunnig vurdering frå grunnskulen liggje ved

Elevar med behov for helse- og omsorgshjelp i skuletida

Vestland fylkeskommune ynskjer at alle elevane våre skal vere sikra eit heilskapleg, samordna og forsvarleg tenestetilbod. Nokre elevar treng omfattande tilrettelegging og kan ha individuelle rettar etter ulikt regelverk, der fylkeskommunen har ansvar for opplæring og kommunen har ansvar for helse- og omsorgstenester.

Fylkeskommunen vil legge til rette for at elevar kan motta nødvendig helse- og omsorgstenester i skuletida, når det er behov for det.

Ei oversikt over eleven sine behov er viktig for at skule og helse- og omsorgstenesta kan å kome tidleg i gang med planlegging for ein trygg og god overgang og oppfølging gjennom skuletida.

Gjennomgang av meldeskjema^o